

Anbodsinnbyding
Ruteflyging (helikopter) Værøy – Bodø v.v.
1. august 2014 – 31. juli 2019

Vedlegg B – Føresegner om sosiale rabattar

1.

På flyruter der Samferdselsdepartementet kjøper tenester etter forplikningar til offentlig tenesteyting, skal følgjande persongrupper ha krav på sosial rabatt:

Personar som har fylt 67 år på utreisedagen

Blinde som har fylt 16 år

Personar som har fylt 16 år og har uførepensjon i medhald av lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova) kapittel 12, eller personar som tek imot tilsvarende ytingar frå anna EØS-land

Elevar over 16 år ved spesialskular for høyrselshemma

Medfølgjande ektefelle/sambuar utan omsyn til alder, eller ein person som må følgje den som har rett til rabatt etter a)–d). Den som har rett til rabatt, avgjer sjølv behovet for følgje

Personar som ikkje har fylt 16 år på utreisedagen

2.

Sosial rabatt for personar omfatta av punkt 1 skal utgjere 50 % av maksimal normaltakst.

3.

Sosial rabatt skal ikkje ytast dersom reisa blir betalt av Folketrygda eller annen statleg instans.

4.

Vaksen person (over 16 år) skal ha rett til å ta med seg barn under to år gratis så sant barnet ikkje tek opp eit eige sete og barn og vaksen reiser saman.

5.

Ved kjøp av billett kan det krevjast at dei reisande viser følgjande dokumentasjon: Person som nemnt i punkt 1 bokstav a) må vise identifikasjon med bilete og fødselsdato.

Personar som nemnt i punkt 1 bokstav b) eller c) må vise stadfesting eller tilleggsinformasjon frå Folketrygda eller Noregs Blindforbund. Passasjerar frå andre EØS-land må vise tilsvarende dokumentasjon frå heimlandet.

Person som nemnt i punkt 1 bokstav d) må vise skulebevis og erklæring frå Folketrygda om rett til grunnstønad eller hjelpestønad eller tilsvarende stønad frå anna EØS-land.